

Fra: Trude Helen Flåten [Trude.Helen.Flaten@sfj.no]

Til: Postmottak Sentraladm [Postmottak.Sentraladm@sfj.no]

Kopi:

Sendt: 15.09.2015 16:06:38

Emne: VS: Oversending av klage på førehandstilsegn for ny avkøyrslø dagsett 01.07.15

Vedlegg:

Hei

Kan de arkivere denne e-postkorrespondansen på e-sak 15/8057?

Med helsing

Trude Helen Flåten

Juridisk rådgjevar, fylkesrådmannen – stab

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Askedalen 2, 6863 Leikanger

www.sfj.no | Trude.Helen.Flaten@sfj.no

sentralbord: +47 57638000 | mob: +47 41530613

Fra: Hansen Esben Kirk [mailto:esben.kirk.hansen@vegvesen.no]

Sendt: 14. september 2015 21:13

Til: Trude Helen Flåten

Kopi: Lobenz Vigdis

Emne: SV: Oversending av klage på førehandstilsegn for ny avkøyrslø dagsett 01.07.15

Hei Trude

Angående avkøyrsløsa på Juv i Stryn, har vi følgjande kommentarer klagebrevet og dykkar spørsmål:

Vi sette vilkår om låsbar bom over eksisterande avkøyrslø som eit kompromiss mellom stenging (ved ny avkøyrslø – «ny gardsveg» på biletet) og utvida bruk. Det er to grunner til at vi ikkje kan gje løyve til utvida bruk; den eine er dårleg sikt og den andre er stigning i avkøyrslø, jamfør brev i saka. Difor kan vi ikkje tillate uvedkomande ferdsel. Vi valte å la avkøyrslø vere ope for dei som har ærend på tunet på vilkår om, at dei må ha nøkkel. Dette gjorde vi for å sikre oss at flest mogleg skal bruke nye avkøyrslø som kan etablerast med alle vilkår som er sett.

Om det viser seg, at bommen vert hindrande for tilkomst til tunet fordi ein bil ikkje klarer å kome seg opp ved at han måtte stogge for å opne bommen, då bekrefter vårt utsagn om at avkøyrslø rett og slett er for farleg å bruke, slik som ho er i dag. Likeleis nedover – om ein ikkje klarer å stogge opp for bommen, steige ut, låse opp og køyre vidare, då har avkøyrslø ein såpass dårleg stand, at ho ikkje bør brukast.

I tillegg er det mellombels parkeringstilhøve ved garasjen med fylkesvegen rett aust for avkøyrslø. Her kan ein stogge og gå fram og låse opp bommen. Når ein er kome opp til tunet

huset, kan ein gå ned og låse att. Det er ikkje mange meter, som de ser på biletet, so dette ser vi som ei fullt mogleg løysing.

Vi kan ikkje sjå, at ein halvbom er mindre funksjonsdyktig enn vanleg bom, so lenge han er låsbar. Det er søkjar sitt ansvar å ha bommen låst, når avkøyrsla ikkje er i bruk.

Med helsing
Esben Kirk Hansen

Seksjon: Plan- og forvaltningsseksjonen
Postadresse: Statens vegvesen Region vest, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER
Kontoradresse: Sanderplassen 6, FØRDE
Mobil: +47 91532248 **e-post/Lync:** esben.kirk.hansen@vegvesen.no
www.vegvesen.no **e-post:** firmapost-vest@vegvesen.no

Tenk miljø - spar papir. Treng du skrive ut denne e-posten?

Fra: Trude Helen Flåten [<mailto:Trude.Helen.Flaten@sfj.no>]
Sendt: 11. september 2015 10:58
Til: Firmapost-Vest <firmapost-vest@vegvesen.no>
Kopi: Hansen Esben Kirk <esben.kirk.hansen@vegvesen.no>
Emne: Oversending av klage på førehandstilsegn for ny avkøyrslø dagsett 01.07.15

Hei

Vedlagt brev frå Rønnaug Berge Leite dagsett 10.07.15.

Viser til oversending av klage på førehandstilsegn for ny avkøyrslø dagsett 01.07.15. Etter at Statens vegvesen sende over klaga har fylkeskommunen fått eit brev frå Rønnaug Berge Leite dagsett 10.07.15. I brevet skriv Leite mellom anna at ho meiner vilkåret om låsbar bom «skaper langt fleire og farlegare situasjonar med risiko for personskade og materiellskade på bilar enn slik det er i dag». Vidare hevdar ho at det er naudsynt å nytte eksisterande avkøyrslø for å «avhjelpe umulege trafikksituasjonar i gardstunet». Leite foreslår også ei alternativ løysing; ein låsbar halvbom som er open når dei har bruk for det i turist- og bærseongen.

Vi kan ikkje sjå at Statens vegvesen har omtala tilhøva i gardstunet eller trafikktryggleik ved bruk av låsbar bom. Statens vegvesen er faginstans i saker som gjeld fylkesvegar, og har vore på synfaring på staden. For å kunne handsame klagen på best mogleg måte ønskjer vi Statens vegvesen sine synspunkt på dei momenta Leite gjer greie for i brevet.

Ber om tilbakemelding snarast.

Med helsing
Trude Helen Flåten

Juridisk rådgjevar, fylkesrådmannen – stab
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2, 6863 Leikanger
www.sfj.no | Trude.Helen.Flaten@sfj.no
sentralbord: +47 57638000 | mob: +47 41530613